



Delta Bolig Prosjektering AS
Kurt Terje Sjørson
Grøvlesvingen 29
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2141 - 21/27767

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
26.04.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 137/184 Alver

Tiltak: Naust og slipp med platting
Byggjestad: Gbnr: 137/184
Tiltakshavar: Øystein Risa
Ansvarleg søkjar: Delta Bolig Prosjektering AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.03.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. I vedtak om dispensasjon i saknr: 622/20 datert 21.06.2020 er det i vurdering av nabomerknader kommentert at «merknadene i all hovudsak er knytt til søknad om løyve til oppføring av tiltaka etter pbl kapittel 20.». Det er for merknadane vist til dom frå jordskifteretten (SAK18-099926RFA-JBER ALVER, gnr 137). Dokumentasjon på tilkomst kan med fordel leggast med og gjerne vist i kart. Kommunen gjer for ordens skyld på at kommunen kan godkjenne naustet utan krav til parkering så lenge ein syner kvar parkeringa er etablert, i dette tilfellet på tiltakshavarar bustadtomt, så lenge ein syner at avstanden frå bustaden til naustet er under 500 meter.
2. I høve til plassering kjem det fram frå søkjar at det ikkje er søkt om dispensasjon frå byggegrense mot nabo men er vist til unntaket i plan- og bygningslova § 29-4 tredje ledd bokstav b. Vi gjer merksam på at bygget ikkje automatisk blir godkjent plassert 1 meter frå nabogrensa når tiltaket har ei mønehøgde over 4 meter eller gesimshøgda over 3 meter. I slike tilfelle må kommunen gjera ei konkret vurdering der også eventuelle nabomerknader tilleggas vekt. Det kjem fram av uttale frå [Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin uttale i sak 18/1979-2 av 14.06.2018](#) fylgjande;

I ein situasjon hvor tiltakshavar ønsker å benytte seg av muligheten for forenklet godkjenning etter pbl. § 29-4 tredje ledd bokstav b), vil tiltakshavar måtte

argumentere for hvorfor kommunen bør fravike avstandskravet. Det kan likevel ikke oppstilles like strenge krav til argumentasjon som ellers gjelder ved søknad om dispensasjon etter pbl. § 19-2. Kommunen vil i slike tilfeller måtte foreta en interesseavveining mellom hensynet til nabo og hensynet til tiltakshaver.

Det er i denne saka inga argumentasjon for kvifor kommunen skal godkjenne plassering nærmare enn 4 meter frå nabogrense. Vi gjer merksam på at aktuelle berørte naboer må få moglegheit til å uttale seg.

3. I vedtak om dispensasjon i saknr: 622/20 datert 21.06.2020 er det gjeve avslag på kaifront. Vedtaket er stadfesta av Fylkesmannen i Vestland (nå Statsforvaltaren i Vestland) i vedtak datert 04.12.2020 med referanse 2020/15973. Oppføring av omsøkte plattning vil krevje ny dispensasjon og må i så fall søkjast om før kommunen kan godkjenne denne.
4. Det er gjeve positiv førehandsuttale frå Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS til bygging av kai. Det er ikkje gjeve løyve etter Hamne- og farvasslova for etablering av slipp. Det må innhentast løyve frå Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS for etablering av slipp.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **18.06.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Delta Bolig Prosjektering AS
Øystein Risa

Grøvlesvingen 29
Gamlastøa 11

5108 HORDVIK
5911 ALVERSUND